



## Innkalling for Formannskapet i Radøy

**Møtedato:** 09.05.2019

**Møtestad:** Kommunestyresalen

**Møtetid:** 10.30

### Saksliste:

Saksnr	Tittel
008/2019	Tilskot til politiske parti
009/2019	Salsløyve - Sletta Landhandlere
010/2019	Prosjekt- og aktivitetsstøtte - fordeling vår 2019
011/2019	Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune
012/2019	Bruk av rådhuset på Manger i Alver kommune
013/2019	Inventar til ny barnehageavdeling Solhall
014/2019	Kostnadsramme bygging ny Bø barnehage
015/2019	Utviding av IKT Nordhordland - kommunalt oppgåvemøtefellesskap, samarbeidsavtale §19
016/2019	Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken
017/2019	Meldingar og referatsaker

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varmedlemmer møter etter nærmare innkalling.

3. mai 2019

Jon Askeland  
møteleiar

Arthur Kleiveland  
møtesekretær

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2019	Formannskapet i Radøy	PS	09.05.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	16/999	19/6904

### Tilskot til politiske partier

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Kommunane er ikkje pålagt å gje tilskot til dei politiske partia, men det er ein innarbeidd praksis i Radøy med slikt tilskot.

Kommunane avgjer sjølv omfanget av støtta, men dersom kommunane gjev slik økonomisk støtte, må ein følgja føresetnadene i partilova. I dette ligg det at eventuell støtte skal ytast høvesvis etter valoppslutning.

Samla storleik på tilskotet til kommunestyregruppene vert fastsett gjennom kommunen sine årlege budsjettvedtak. Dei seinare åra er det gitt 50 000 kroner i kommunalt tilskot til dei politiske partilaga.

I samsvar med den fordelingspraksis som ein har følgd i Radøy kommune vil rådmannen føreslå at det vert gjeve ei grunnstøtte på kr 1000,- til kvar av dei 6 kommunestyregruppene, dvs 12 prosent av samla støtte. Representantstøtta vil då verta kr 1760,- per representant i kommunestyregruppene.

##### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune sitt tilskot på kr 50.000,- til kommunestyregruppene, vert gjeve med kr 1000,- i grunnstøtte til kvar gruppe og kr 1760,- til per representant i gruppene.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2019	Formannskapet i Radøy	PS	09.05.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	19/714	19/6488

### Salsløye - Sletta Landhandleri

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Radøy kommune mottok den 29.03.2019 søknad om salsløye for alkoholhaldig drikk gruppe 1 frå Sletta Landhandleri AS, org.nr 92237738, Hellandsvegen 521, 5939 Sletta. Butikken er i tidlegare Bunnpris Sletta sine lokale og det er i søknaden oppgjeve at det vil vera ein daglegvarebutikk med fullt spekter av daglegvare. Sletta Landhandleri AS vil vere ein nærbutikk for området, men også eit samlingspunkt for bygda og forbireisande.

Rebecca Elisabeth Bjørsvik er i søknaden oppgjeven som styrar for løyvet og Gunta Venge som stedfortredar. Begge desse har avgjort kunnskapsprøven i alkohollova.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV, som ikkje har innvendingar mot at det vert gjeve salsløye til Sletta Landhandleri AS.

Søknaden har vore til uttale hjå politiet, Kemnaren i Nordhordland og skatteetaten. Politiet og Kemnaren i Nordhordland har ikkje hatt merknader til søknaden og søkerane. Skatteetaten har hatt ein merknad, og på bakgrunn av denne merknaden har kommunen gjort ei vandelsvurdering etter alkohollova § 1-7b, sjå vedlegg. Vandelsvurderinga er unntake offentlegheit på grunn av personopplysningar.

Rådmannen konkluderar med at krava til vandel er oppfyllt og ikkje til hinder for å gje salsløye.

#### Vurdering

I Radøy kommune har det vore 5 løyve for sal av alkoholhaldig drikk (høgst 4,7 volumprosent), og då dette løyvet vil overta i lokala for eitt av dei tidlegare løyva vil det ikkje vere ein auke i salsstadar i kommunen. Ruspolitisk handlingsplan for Radøy set ikkje tak på tal utsalsstader, men målet er at talet skal haldast på eit lågt nivå. Det er rådmannen si vurdering at ein ved å innvilga salsløye ikkje vil auka tilgjenge til alkohol i særleg grad, og det vil vera i tråd med gjeldande praksis i kommunen å

godkjenna løyve til alkoholsal i daglegvarebutikk.

Styrar og stedfortredar innfrir formelle krav gjeve i alkohollova §1-7.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av ei heilskapleg vurdering tilrår rådmannen at det vert gjeve salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 til Sletta Landhandleri AS, og at Rebecca Elisabeth Bjørsvik vert godkjent som styrar for løyvet og Gunta Venge som stedfortredar.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-5, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, 3-7, 3-9 gjev formannskapet salsløyve til Sletta Landhandleri AS, org.nr.922377383. Vilkår og spesifikasjoner er gjevne her:

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Salsløyvet gjeld frå 10.05.2019 til 30.06.2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Sletta landhandleri AS, Hellandsvegen 521, 5939 Sletta
4. Styrar for løyvet er Rebecca Elisabeth Bjørsvik med Gunta Venge som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgde.
6. Gjeldande salstider, sist gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av branntilsynet.

### **Vedlegg:**

Vandelsvurdering etter alkohollova

Søknad om salsløyve - Sletta Landhandleri (L)(289074)

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2019	Formannskapet i Radøy	PS	09.05.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Anne Dahle Austrheim	19/363	19/6597

## Prosjekt- og aktivitetsstøtte - fordeling vår 2019

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Radøy kommune har gjort endringar i tildeling av prosjekt- og aktivitetstilskot frå kulturmidlane. Tidlegare vart kvar søknad vurdert og handsama fortløpande. I år vert midlane fordelt to gonger i året. Det er 30.000 kroner til fordeling i begge søknadsrundane. Det er kome inn ni søknader om prosjekt- og aktivitetsstøtte.

Kommunale kulturmidlar kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune. Regionale organisasjonar og fylkesorganisasjonar kan få tilskot dersom midlane vert øyremerkte verksemd i Radøy kommune, og det ikkje finst lag i kommunen som ivaretar denne aktiviteten. Det er då ein føresetnad at organisasjonen har medlemer som er busette i Radøy kommune.

Tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og –prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som:

- Underskotsgaranti
- Direkte tilskot

Retningslinene seier at aktivitetar for barn og unge vert prioriterte. I tillegg skal aktivitetar som femnar om menneske med nedsett funksjonsevne og tiltak som fremjar integrering prioriterast.

#### Desse har søkt om tilskot:

**Nordhordland Sykkelklubb** skal i slutten av juni arrangera master-NM (veteran-NM) i landevegssykling. Sykkelklubben søker Radøy kommune om tilskot til arrangementet.

Temporittet i meisterskapet er lagt til Austrheim/Radøy – med start ved Austrheim samfunnshus og mål på Soltveit. Fellesstarten går i rundløype Alversund-Erstadfjellet-Seim-Vollom-Alversund.

Veteran-NM er det største enkeltarrangementet som Nordhordland sykkelklubb nokon gong har

gjennomført. Arrangøren har eit budsjett med utgifter på kr 185.000,-. Basert på rundt 300 deltarar og forventa sponsorinntekter, kan inntektssida koma opp i 210.000 kroner. Sjølv om sykkelklubben gjer det meste av arrangementet på dugnad, er det ei rekke kostnader knytt til eit eit sykkel-NM for veteranar. Fleire lokale samarbeidspartnarar vil få dugnadsinntekter for jobben dei gjer.

Eitt av arrangementa i veteran-NM er lagt til Radøy. Dette er eit stort arrangement for ein lokal klubb, og også god marknadsføring av kommunen og distriktet.

Det er ikkje eigen sykkelklubb i kommunen, men ein god del av medlemmane er busette i Radøy.

#### Konklusjon:

Det vert tilrådd eit tilskot på 5000 kroner.

**Hordabø minikantori** har arrangert familiekonsert saman med artisten og barnesongskrivaren Bjarte Leithaug i Hordabø kyrkje. Det vert søkt om tilskot på 8500 kroner til å dekka honorar til artist og til lys og lyd.

Koret har i finansieringsplanen ført opp 12.500 kroner i utgifter i samband med konserten, og 4000 kroner i inntekter i kollekt ved utgangen.

Prosjektet det vert søkt om tilskot til, ligg innanfor retningslinene for tildeling, der aktivitetar for barn og unge er prioriterte.

#### Konklusjon:

Det vert tilrådd eit tilskot på kr 4000,-.

**Eikanger Bjørsvik Musikklag** har søkt om støtte til deltaking i Europameisterskapet for Brass Band 2019 i Montreux. Korpset viser i søknaden til eit finansieringsbehov på ca 580 000 kroner for dei 30 musikarane.

EBML søker om eit bidrag på kr 6000,-.

Utfrå regelverket fell denne søknaden utanfor vedtekne kriterier. Søknaden gjeld eit korps utanfor kommunen, og Radøy har sjølv eit sterkt korpsmiljø. Eikanger Bjørsvik Musikklag har heller ikkje utøvarar som er busette i Radøy.

#### Konklusjon

Søknaden vert avslegen.

**Manger skulemusikklag** ønsker å profilera seg når skulekorpset er på reiser og konkurransar. For å visa tydeleg kven dei er og kvar dei kjem frå, vil dei kjøpa T-skjorter (med trykk) til musikantane i senior- og juniorkorpset. Korpset søker om tilskot til innkjøp av T-skjorter til musikantane.

I følgje søknaden vil dette kosta ca 20 000 kroner, og det vert søkt om 20 000 kroner i tilskot.

Det er fint at Manger skulemusikklag vil marknadsføra kommunen på denne måten, og skulekorpsa våre er gode ambassadørar.

#### Konklusjon

Det vert tilrådd eit tilskot på kr 5000,-.

**Hordabø skulemusikkklag** fyller 50 år i 2019. Dette vart feira med jubileumsshow – «ABBA retro» og jubileumsfest i Hordabøhallen.

Skulekorpset har søkt om 20.000 kroner i prosjekt- og aktivitetsstøtte til jubileumsshowet. I søknaden vert det peika på at eit tilskot vil sikra at jubileumsarrangementet ikkje går ut over den daglege drifta av korpset økonomisk.

Hordabø skulemusikkklag har hatt ein serie flotte show, saman med band og solistar, og sette opp eit nytt show i samband med jubileumsfeiringa.

Korpset har ein finansieringsplan som viser utgifter på kr 50 000,- der lys/lyd (20 000) og seminar/instruksjonskostnader (16 000) er dei største kostnadane. Inntektene er stipulert til 30 000 kroner.

Hordabø skulemusikkklag har fått kommunalt tilskot til denne type showproduksjon tidlegare. Dette er eit tilbod til barn og unge, og som også er eit samarbeid på tvers av generasjonar.

#### Konklusjon:

Det vert tilrådd eit tilskot på kr 7000,-.

**Nordhordland Turlag** og skulane samarbeidar om Opptur for elevane i 8. klasse. Denne dagen får elevane ein prøvesmak på friluftsliv, uavhengig av tidlegare erfaring med fysisk aktivitet. Målet er å få fleire ungdomar til å oppleva gleda ved friluftslivet.

DNT sentralt og Bergen og Hordaland Turlag går til saman inn med 50 000 kroner til Opptur. Nordhordland Turlag ber kommunane dekka transportkostnadane med buss til turmålet, som vil kosta 44.000 kroner for elevane til saman. Turlaget har søkt Radøy kommune om kr 7500,- i transporttilskot i samband med Opptur.

Opptur er eit fint breiddetiltak for unge, og med god folkehelse-profil. Dette er eit tilbod som er tilrettelagt for alle i målgruppa, og som det etter rådmannen si meinig er viktig å støtta.

#### Konklusjon:

Det vert tilrådd eit tilskot på 2000 kroner.

**Nordhordland Turlag** skal arrangera «Midtsommarnatt-tur». Turlaget kallar det ein «merkevaretur» Radøy på langs. Starten går ved Hilland-feltet kl. 21.30 om kvelden og turfølgjet skal etter planen vera framme på Rossnes kl. 08.30, med felles frukost i kaiområdet. Turen er open for alle og det vert moglegheit til å vera med på ein korttur undervegs.

Nordhordland Turlag søker om 10 000 kroner i støtte i prosjekt- og aktivitetsstøtte, øyremerkt til busstransport frå Rossnes og tilbake til Hilland etter avslutta tur, og til marknadsføring av «midtsommarnatt»-turen.

Rådmannen ser dette som eit spennande prosjekt i friluftslivet og folkehelsa si teikn, som vil vera god marknadsføring for kommunen. Prosjektet kan også omtala som nyskapande.

## Konklusjon

Det vert tilrådd eit tilskot på kr 2000,-

**Radøy sogelag** gav i 2011 ut boka «Krigsår på Radøy». Boka vart trykt i 1000 eksemplar, men vart fort utseld. No vil sogelaget trykkja boka i nytt opplag (600 eks) og søker om kr 20 000,- i tilskot til bokprosjektet. Samla kostnadsramme for nytt opplegg er på kr 47 813,-.

I søknaden skriv sogelaget at dei vil gje 100 eks. som klassesett i gavetil kvar av skulane i kommunen til bruk i undervisninga. Resten av opplaget vert lagt ut for sal til same pris som sist – kr 200,-.

Sogelaget viser til at laget har fått ein del førespurnader om kvar ein kan få tak i boka. Det er viktig at også komande generasjoner vert kjende med krigshistoria på Radøy. Sogelaget har gjort ein god jobb med å ta vare både på lokal krigshistorie og anna historisk matriale, som elles gjerne ville gått i gløymeboka. Sogelaget fekk kommunal støtte til utgjevinga av «Krigsår i Radøy».

## Konklusjon:

Det vert tilrådd eit tilskot på kr 5000,-

**Sogelaga i Radøy, Meland og Lindås, og Lyngheisenteret**, har gått saman om å få bygt ein kopi av Austfjordbåten ved Hardanger fartyversenter. Prosjektet er kostnadsrekna til kr 658 250-, og det er søker om eit tilskot på 25 000 kroner.

Originalen av Austfjordbåten er frå 1890. Byggeskikken er typisk for Nordhordland, og båten er meint å vera ein representasjonsbåt for Alver kommune og bruksbåt i undervisningsopplegg for skulane.

Lyngheisenteret skal administrera bruken av båten i heile Alver kommune. I søknaden vert det peika på at ein klinkbygd trebåt frå Nordhordland har stor lokalhistorisk verdi for framtida.

Det er prisverdig at fleire lag går saman om å realisera dette båtprosjektet, som har historisk verdi for bygdene våre. Dette er eit prosjekt som Alver kommune bør vurdera å støtta opp om.

## Konklusjon:

Søknaden vert avslagen.

Rådmannen sitt framlegg til fordeling har vore til uttale hjå song- og musikkrådet, idrettsrådet og ungdomsrådet. Idrettsrådet og song- og musikkrådet har ingen merknader til framlegget.

Ungdomsrådet er ikkje samd i at Nordhordland sykkelklubb skal få 7000 kroner i samband som tilskipar av veteran-NM. Rådet peikar på at inntekts- og utgiftssida viser eit bra overskot på arrangementet, og meiner desse midlane burde fordelast på nokre av dei andre søkerane.

Etter høyringsrunden meiner rådmannen det er grunnlag for ei endring i innstillinga til formannskapet. Rådmannen ønskjer å støtta opp om Nordhordland Turlag sitt prosjekt Opptur. Dette er eit flott breiddetilbod som når alle Radøy-elevane på 8. årssteget. Rådmannen gjer framlegg om å gje 2000 kroner i tilskot til dette prosjektet, og redusera tilskot til sykkel-NM for veteranar med 2000

kroner.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Følgjande søkerar får tildelt prosjekt- og aktivitetsstøtte:

- Nordhordland sykkelklubb	sykkel-NM for veteranar	kr 5000,-
- Hordabø minikantori	konsert m/Bjarte Leithaug	kr 4000,-
- Manger skulemusikklag	T-skjorter m/trykk	kr 5000,-
- Hordabø skulemusikklag	jubileumsshow	kr 7000,-
- Nordhordland turlag	«Midtsommarnatt-tur»	kr 2000,-
- Radøy sogelag	nytt opplag «Krigsår på Radøy»	kr 5000,-
- Nordhordland Turlag	transport elevar Opptur	kr 2000,-

Følgjande søknader vert avslagne:

Eikanger Bjørsvik Musikklag	EM-deltaking
Sogelaga i Radøy, Meland,	
Lindås og Lyngheisenteret	kopi av Austfjordbåten

**Vedlegg:**

Nordh. turlag Midtsommarnattstur\_  
Nordh. turlag Budsjettforslag 2019\_ (1)  
Nordh. turlag Rekneskap 2018\_  
Nordh. turlag Opptur\_  
Nordh. sykkelklubb Søknad NM veteran  
Nordhordl. s.klubb Førebels budsjett master NM  
Nordhordl. sykkelklubb Budsjett NM veteran  
Manger sk.m.lag T-skjorter med trykk  
Manger skulemusikklaglag - rekneskap  
Hordabø skulemusikklag - jubileumsshow  
Hordabø minikantori familiekonsert med B\_Leithaug  
EBML - EM-tur  
Radøy sogelag - bokprosjekt  
Radøy sogelag\_budsjett bokprosjekt  
Radøy sogelag\_rekneskap 2018  
Radøy sogelag - båtprosjekt  
Uttale ungdomsrådet

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2019	Formannskapet i Radøy	PS	09.05.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	19/797	19/6051

## Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Fellesnemnda for Alver kommune vedtok i mars 2018 prosjektmandat for politisk styringsstruktur og lokaldemokrati. Det vart valt ei prosjektgruppe som har hatt som hovudmål å utgreia og koma med framlegg til politisk organisering og struktur for Alver kommune.

Prosjektgruppa har lagt fram sitt forslag, og fellesnemnda handsama saka i møte 1. april 2019.

#### Fellesnemnda gjorde følgjande vedtak:

*Fellesnemda har lagt fram sak om Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune til orientering.*

*Saka blir sendt på høyring til utvala og dei politiske parti i Lindås, Meland og Radøy med svarfrist innan 20.05.19.*

*Endeleg innstilling i saka vil bli lagt fram i Fellesnemda sitt møte 03.06.2019.*

I framlegget frå prosjektgruppa ligg intensjonsavtalen sitt punkt 6 – demokratimodellen, til grunn for den politiske organiseringa.

Prinsippet om gjennomgåande representasjon ligg til grunn for val av formannskap og faste utval.

#### Det som no er lagt fram frå prosjektgruppa er følgjande:

- reglement for kommunestyre, formannskap, utval og råd.
- Budsjettreglement
- Prosjektstyring
- Rapportering frå rådmann
- Etiske retningsliner
- Delegering til rådmann
- Arbeidsvikår og godtgjersle til folkevalde

Prosjektgruppa har hatt ein gjennomgang av reglement for kommunar tilsvarande Alver i tillegg til gjeldande reglement for Radøy, Meland og Lindås.

Alver kommunestyre vil ha 47 representantar, etter likelydane vedtak i kommunestyra i Radøy, Meland og Lindås. Ved rullering av reglementet rår prosjektgruppa til å redusera tal medlemmar i kommunestyret.

Fellesnemnda har sett 20. mai som frist for å koma med uttale til politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune.

Endeleg innstilling i saka vil bli lagt fram i Fellesnemda sitt møte 03.06.2019.

Det er fellesnemnda som har sendt denne saka ut på høyring, og det er fellesnemnda som også skal ta avgjerd i saka. Rådmannen meiner difor det vil vera riktig å leggja fram saka for formannskapet utan tilråding.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram til drøfting og uttale.

**Vedlegg:**

Politisk styringsstruktur og reglement - til uttale\_03.04.2019

Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune - sak frå fellesnemnda

Matrise for avlønning vedlegg

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2019	Formannskapet i Radøy	PS	09.05.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	17/1096	19/6476

## Bruk av rådhuset på Manger i Alver kommune

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Lokalisering av kontorarbeidsplassar i Alver kommune er eit eige prosjekt i bygginga av den nye kommunen. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide kartlegging som grunnlag for vidare arbeid.

Programansvarleg har utarbeidd eit utgangspunkt for plassering av kontorarbeidsplassar basert på intensjonsavtalen, der det går fram at minimum følgjande vil bli plassert på Manger:

- Sjukeheim (Velferdssenteret)
- Heimeteneste
- Dagsenter
- Bufellesskap
- Psykisk helse og rus
- Legekontor
- Fysio/ergoterapi
  
- Helsestasjon
- Radøy ungdomsskule
- Manger skule
- Prestmarka bhg
  
- Kulturskule
- Bibliotek
  
- Driftsavdelingar teknisk
- Brannstasjon

I tillegg går det fram av intensjonsavtalen at det skal vere innbyggjarrettleiing i alle rådhusa i dei tre kommunane. Det er organisert eit eige prosjekt knytt til bygginga av Alver for å finne kva dette

inneber.

Rådhuset i Knarvik skal huse rådmann med dei mest sentrale funksjonane. Kontorfunksjonar teknisk, samfunnsutvikling utanom kulturskule og bibliotek, HR og utvikling, samt økonomi (ikkje utfyllande) vil bli plassert i rådhus/anna kontorlokale.

Programansvarleg har trøng for ei rask avklaring av planlagt bruk av rådhuset på Manger, slik at dette kan danne grunnlag for det vidare arbeidet med lokaliseringa av kontorplassane i Alver.

Og arkitekter AS leverte i oktober 2017 rapport frå ein moglegheitsstudie for rådhuset og Prestegarden på Manger. Studien peikar på mogleheten for å nytte rådhuset til kulturhus med i hovudsak funksjonane bibliotek, kino, kulturskule, frivilligsentral, øvingsslokale og kontorplassar.

Formannskapet i Radøy handsama sak om mulegheitsstudien 25.01.18 og fatta følgjande vedtak.  
*Rådmannen går vidare med utvikling av rådhuset som kulturhus, slik det er skissert i rapporten frå mulegheitsstudien, ved å gjennomføre eit forprosjekt som grunnlag for sak til politisk handsaming. Arbeidet med oppgradering av Prestegarden og Prestegardshagen vert gjennomført i tråd med budsjettloyming i 2018.*

Arbeidet med forprosjekt er sett i gang og vil vere ferdig før sommaren. Forprosjektet vil utgreie kva som er praktisk mogleg og hensiktsmessig å plassere i rådhuset, samt skissere kostnadene. Arealstørrelse og bygningsmessige tilhøve vil vere avgjande moment.

Fleksible kontorplassar vil opne opp for at ulike tenester vil kunne ha kontordagar på rådhuset på Manger, til dømes landbrukskontor og byggjesak. Dette er peikt på som ein sentral del av forprosjektet.

Prosjektet jobbar spesifikt med oppgradering av kinosalen for om mogleg å starte med dette inneverande år. Det er fukt i kinosalen og det blir arbeidd med å sjekke grunnforholda utanfor rådhuset. Retting av forholda vil bli sett igang straks årsaka er avdekkta.

Når forprosjektet er ferdig vil rapport frå arbeidet bli lagt fram til politisk handsaming.

I investeringsbudsjettet for 2019 er det løyvd 5 millionar kroner på posten rådhus/kulturhus/kino til planlegging og bygningsmessige tiltak. I økonomiplanen er det sett av ytterlegare 5 millionar i 2020. Det er truleg at kostnadene for ombygging av rådhuset vil overstige 10 millionar, men dette vert avklara i forprosjektet. Kostnadene må uansett inn i budsjettet for Alver kommune og vil bli spelt inn i budsjettprosessen for Alver kommune – og som er styrt av fellesnemnda.

### Vurdering

For å kome vidare i lokalisering av funksjonane i Alver kommune er det naudsynt å avklare kva som skal leggast til rådhuset på Manger. Pågående forprosjekt skal finne kva som er mogleg og hensiktsmessig å legge til rådhuset og kva som er stipulert kostnad for dette. Det er tilstrekkeleg for lokaliseringssprosjektet i Alver at det no blir tatt stilling til rammene for kva funksjonane som kan leggast til rådhuset. Avklaring om kva som faktisk skal leggast til rådhuset innanfor vedteken ramme, kjem i eiga politisk sak når forsprosjektet er ferdig.

### Konklusjon

Lokaliseringssprosjekt om kontorplassar i Alver kan forhalde seg til at rådhuset på Manger vert disponert til aktivitet som skissert i moglegheitsstudien og intensjonsavtalens.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådhuset på Manger vert disponert til aktivitetar som er peika på i moglegheitsstudien og fastsett i intensjonsavtalen: kinosal, bibliotek, friviligentral, kulturskule, innbyggjarrettleiing, øvingslokale og fleksible kontorpllassar. Forprosjekt for bruk av rådhuset på Manger utgreiar kva som er mogleg og hensiktsmessig innanfor desse rammene. Endeleg vedtak om bruk av rådhuset vert fatta i eiga politisk sak.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2019	Formannskapet i Radøy	PS	09.05.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	19/691	19/5123

### Inventar til ny barnehageavdeling Solhall

#### Saksopplysingar:

Kommunestyret har i sak 032/2018 vedteke investeringsramme for ombygging Solhall byggetrinn 1, til kr 32.000.000. Dette omfatta kjøp av eigedomen og bygningsmessig oppgradering av anlegget.

Anleggsarbeidet følgjer planlagt framdrift, og ein har no starta planlegging av drifta som skal vera i bygget. Innkjøp av inventar og utstyr til den nye barnehageavdelinga er ikkje ein del av kostnadsramma. Årsaka til dette er at prosjektet var definert nettopp til kjøp av bygning og bygningsmessig oppgradering. Anbodsprosessen er byggrelatert, og det ville ikkje vera hensiktsmessig å ta inn inventar og utstyr som ein del av denne anbodsprosessen.

Det finst ein del inventar og ustyr på Dale, på Bø og på Solhall, men mykje av dette er gammalt og velbrukt og må skiftast ut. Rådmannen meiner det må vera rett å tenkja heilskap her, slik at barnehageavdelinga framstår som tidsriktig, både bygnings- og inventarmessig. Det trengst nye sitjegrupper til personalrom, bord og stolar til møterom, kontorpultar, kontorstolar og hyller til arbeidsrom og ymse inventar til avdelingane. I tillegg kjem smarttavler, infotavler og anna IKT utstyr.

Samla kostnad er estimert til kr 600.000, medrekna 5% til uføresette kostnader. Rådmannen vurderer dette som eit svært nøkternt overslag, og meiner at det bør setjast av ytterlegare 10% til andre uføresette kostnader, slik at samla kostnadsramme for inventar og utstyr vert sett til kr 660.000,-. Dette vert oppretta nytt prosjektnummer 27135 for rekneskapsrapportering skjema 2B.

Rådmannen rår til at investeringa vert finansiert ved bruk av unytta lånemidlar.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2019	Formannskapet i Radøy	PS	09.05.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	19/616	19/4568

### Kostnadsramme bygging ny Bø barnehage

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Arbeidet med ny barnehage på Bø har halde på i ei årrekke, og ein har no fått pris på totalendreprise på prosjektet.

I åra 2016 – 2018 har det kome på kr 2.597.717,44 til planlegging, arkitekt, miljørappoart, brannkonsept etc.

I 2019 og 2020 vil det koma på kostnader til totalentreprenør, arkitekt, byggherreombod, prosjektleiar og administrasjon. Totalentreprisen utgjer kr 59.621.933, resterande kostnader er estimert til kr 915.000. Totalentreprisen omfattar grunn- og byggearbeid, medrekna parkeringsplass og leikeareal med faste leikeapparat.

Inventar og laust utstyr er ikkje med i totalentrepisen, og heller ikkje med i kostnadsramma. I tillegg meiner rådmannen at det må setjast av 10% til uføresette kostnader. Sjølv om dette er eit nybygg, vil ein kunna møta utfordringar som krev arbeid ut over det som er føresett i entrepisen. Dette gir ein samla kostnadsramme for åra 2016 – 2020 på kr 69.188.343, avrunda til kr 69.200.000,-. Det er gjort overslag over kostnader til inventar og utstyr på om lag 3 mill, men dette er førebels for grovt til at det kan vera grunnlag for å fastsetja ei investeringsramme. Løyving til inventar og utstyr vert såleis å koma attende til i samband med budsjettet for 2020.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kostnadsramme for bygging av ny barnehage på Bø vert fastsett til kr 69.200.000,- inkluder meirverdiavgift.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2019	Formannskapet i Radøy	PS	09.05.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	18/288	19/5571

### Utviding av IKT Nordhordland - kommunalt oppgåvefellesskap, samarbeidsavtale §19

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Kommunestyra i eigarkommunane til IKT Nordhordland (IKTNH) gjorde i juni 2018 vedtak om at ein skulle starta opp arbeidet med å sjå på mogeleg utviding av IKTNH.

IKT Nordhordland vart etablert i 2011 gjennom ein samarbeidsavtale mellom Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal om leveranse av IKT-tjenester til kommunane. Eininga vart organisert som eit § 28 vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune som vertskommune. I 2018 vart samarbeidet omgjort til eit § 27-samarbeid.

Samarbeidet har ført til gode og effektive IKT-tjenester i regionen, og samarbeidskommunane har fått gode og effektive tjenester av høg kvalitet.

Sidan 2016 har Austevoll kommune kjøpt IKT-tjenester av samarbeidet.

#### Eigarkommunane har hatt to saker om IKTNH til handsaming i løpet av 2018:

- Februar 2018
  - Omgjering av vedtektena frå § 28 til eit § 27-selskap
  - Oppstart av konseptfasen om utgreiing av spørsmålet om utviding av IKTNH
- Omgjering av vedtektena frå § 28 til eit § 27-selskap
- Oppstart av konseptfasen om utgreiing av spørsmålet om utviding av IKTNH
- Mai/juni 2018
  - Arbeidet med å utvida IKTNH bør starta så raskt som mogeleg

Bestillinga frå kommunestyra om å sjå på ei mogeleg utviding av IKTNH er no gjennomført. Vedlagt er rapporten frå arbeidsgruppa og forslag til endring av samarbeidsavtalen.

## **Oppsummering av rapporten**

Utgreiingsarbeid (rapport Hovudprosjekt Utviding IKTNH) er no gjennomført og konklusjonen er at IKTNH bør utvidast med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger. Austevoll er i dag drifta av IKT Nordhordland og det vil berre vera mindre justeringar når dei vert tatt inn som ordinært medlem. Dei to andre kommunane har ein struktur og storleik som gjer at dei lett kan takast inn i drifta til IKTNH. Alle tre kommunane ønskjer å bli med i IKTNH som ordinær deltarar.

Ei utviding vil medføra betre utnytting av den kapasitet og kompetanse som IKTNH har bygd opp. Og vil frigjera ressursar som kan styrkja naudsynt satsing på digitalisering og innovasjon for å møta framtidige behov og krav på ein god måte.

Tilleggskostnader for implementering av utvidinga vert finansiert av kommunen dette gjeld.

Ei utviding av IKTNH vil stilla større krav til eintydig styringsstruktur. Det vert derfor tilrådd at IKTNH vert eit eige rettssubjekt. Det betyr følgjande:

- Osterøy kommune vert ikkje lenger kontorkommune
- Dei tilsette vert overført frå Osterøy kommune med alle rettar til IKTNH
- IKTNH kan vera ein avtalepart og inngå avtaler
- IKTNH kan ta opp lån.

Dette legg til rette for ei god drift framover, og seinare eit grunnlag for vidare utviding dersom det skulle bli naturleg.

## **Handsaming av rapporten i regionen**

Rapporten og den konkrete tilrådinga:

Rapporten har vore handsama i Rådmannsutvalet i møte 14.01.19 (sak 3/19) og Regionrådet i møte 25.01.19 (sak 6/19), og har tilrådd følgjande.

- IKTNH vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger
- IKTNH vert eit eige rettssubjekt

Saka har også vore i strategiutvalet og seinast i rådmannsutvalet 29. mars 2019.

## **Samarbeidsavtalen**

I ny kommunelov er § 27 erstatta med § 19 som er kommunalt oppgåvefellesskap. For den type oppgåver som IKTNH utfører, er det naturleg at samarbeidet vert vidareført som eit kommunalt oppgåvefellesskap.

Kommunelova § 19 set formelle krav til kommunalt oppgåvefellesskap. Desse krava er ivaretatt i vedlagte forslag til samarbeidsavtale. Representantskapet er det øvste organet i eit kommunalt oppgåvefellesskap og bør i dette tilfelle bestå av ordførarane i deltararane.

Representantskapet vedtek dei overordna føringane for selskapet og vel eit styre som bør bestå av rådmennene i deltakarkommunane.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Radøy kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
2. Radøy kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

**Vedlegg:**

IKNH Utviding Hovudprosjekt

Samarbeidsavtale IKT Nordhordland - 12 kommunar - §19

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2019	Formannskapet i Radøy	PS	09.05.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	14/1348	19/5565

### Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Stortinget har vedtatt at fritaksordninga for nullutsleppskøyretøy vert avvikla. Det er lagt opp til at eksisterande prosjekt kan innføra bompengeavgift for nullutslepps-køyretøya som ligg mellom 0 og 50 prosent av den ordinære taksten, dersom det er lokalpolitisk tilslutnad til dette.

Som ein del av oppfølginga av Prop. 87 S (2017-2018) har Statens vegvesen, Region vest informert det regionale bompengeselskapet Ferde AS om endringa i takstretningslinjene. Ferde AS har bede om at det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i dei prosjekta og bompengepakkane i regionen der det er lokalpolitisk tilslutnad om å innføra ei slik avgift.

Statens vegvesen, Region vest sender sak til politisk handsaming i alle kommunar i regionen som har bompengeprosjekt eller –pakkar der det ikkje er fatta vedtak om betaling for nullutsleppskøyretøy.

##### Takst for nullutsleppskøyretøy

Oppheving av fritaket for nullutsleppskøyretøy medfører at kommunane og fylkeskommunen kan vedta kva for eit nivå bompengeavgifta for nullutsleppskøyretøy skal ha innanfor intervallet 0-50 prosent av ordinær bompengeretakst.

##### Fylkesutvalet i Hordaland handsama 25. oktober 2018 (sak 254/18) om bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy, og fatta følgjande vedtak:

1. Fylkesutvalet legg til grunn at alle bompengeprosjekt og -pakkar i Hordaland skal ha 50 % bompengar for nullutsleppskøyretøy.
2. For bomringen i Bergen viser fylkesutvalet til allereie vedtekne avtale i Miljøløftet om at elbilar skal

betale ein rabattert takst på ti kroner utanom rushtid, og 20 kroner i rushtida når andelen elbilar når 20 prosent av alle passeringar.

Vedtaket frå Hordaland er i tråd med det Stortinget har slutta seg til at kan leggjast til grunn for nye bompenegeprosjekt. Det medfører at kommunane, innanfor ramma av det fylkeskommunale vedtaket, kan velja om ein vil innføra bompenegeavgift for nullutsleppskøyretøy på 50 prosent av den rabatterte taksten for dei konvensjonelle køyretøya, eller om ein vil halda på ingen avgift for nullutsleppskøyretøya, slik ordninga i praksis fungerer i dag, etter at Prop 87 S (2017-2018) vart vedteken.

Om kommunane vedtek eit anna takstnivå enn 50 prosent etter rabatt for nullutsleppskøyretøya, vil det slik SVV vurderer saka, krevja ny handsaming i fylkeskommunen.

#### Nye bompenegetakster i Nordhordlandspakken

I Prop. 87 S (2017-2018) er det omtalt at det for nye bompenegeprosjekt i utgangspunktet skal leggast til grunn at køyretøy i takstgruppe 2 skal ha 0 prosent av taksten for konvensjonelle køyretøy, dersom det ikkje er fatta lokalpolitiske vedtak om noko anna. Det fylkeskommunale vedtaket spesifiserer ikkje om bompenegeavgift for nullutsleppskøyretøya gjeld alle nullutsleppskøyretøy, eller berre dei som sorterer under takstgruppe 1 (inntil 3500 kg). Statens vegvesen legg difor til grunn at det vert opp til kommunane å avgjera om avgifta skal gjelda alle nullutsleppskøyretøy, eller berre dei som sorterer under takstgruppe 1.

Ved innføring av bompenger for nullutsleppkjøretøy for Nordhordlandspakken gjelder følgjande takstar (2017-prisar):

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Bompenegetakst	Kr 19	Kr 31
Nullutslepp	Kr 7,6	

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Konvensjonelle køyretøy i takstgruppe 1 som passerer med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 prosent rabatt.

Nullutsleppskøyretøy: Køyretøy med elektrisk motor, og som har drivstoffkode 5 i vognkortet eller HY-registreringsskilt. Redusert takst for nullutsleppskøyretøy krev gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke.

Bortfall av bompenegefritak for nullutsleppskøyretøy vart presentert for kontaktutvalet for Nordhordlandspakken 13.11.2018. Ein vart i møtet einige om at Statens vegvesen sender sak til lokalpolitisk handsaming i kommunane, slik at ordninga kan vera på plass i i Nordhordlandspakken ved innkrevjingsstart.

Kommunane vert invitert til å gjera likelydande vedtak.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken.

Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betala 50 prosent av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt.

Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2019	Formannskapet i Radøy	PS	09.05.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	19/717	19/5303

## Meldingar og referatsaker

### Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Budsjettbrev frå Fylkesmannen i Vestland
- b. Fellesnemnda for Alver – møtebok 01.04.2019
- c. Kompetanse og utdanning i Nordhordland – rapport samandrag
- d. Nordhordland Revisjon IKS – møteutskrift 26.03.2019
- e. Nordhordland Revisjon IKS – utgreiing av samanslåing – rapport til eigarane 01.04.2019
- f. Sambandet Vest AS – ekstraordinær generalforsamling – protokoll 14.02.2019
- g. NGIR – endring av selskapsavtale
- h. Søknad om støtte til Jubileumsboka «Nordhordlandsbrua 25 år»
- i. Søknad om støtte til Kirkens SOS
- j. Søknad om støtte til Trond Mohn Games
- k. Søknad om støtte til Torgdagen 2019
- l. Tilskottssaker kultur 2019 – utanom ordinære tilskotsordningar
- m. Rossnesvegen – uttale frå Risnes krins grunneigarlag
- n. KLP – resultat 2018
- o. Sambandet Vest AS – orientering ved John Fredrik Wallace i Sambandet Vest AS og prosjektansvarleg i Norconsult, Øystein Skofteland
- p. Sjukefråver-prosjektet – status v/personalsjef Kjetil Morken
- q. Status investeringar – blir lagt fram i møtet
- r. Orienteringar ordførar/rådmann

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

### Vedlegg:

Budsjettbrev Fylkesmannen i Vestland\_melding

Fellesnemnda for Alver - møtebok 01.04.2019

Kompetanse og utdanning i Nordhordland - rapport  
Kompetanse Nordhordland - samandrag  
Nordhordland revisjon IKS møteutskrift 26.3.19  
Rapport til eigarane av NHR IKS og IHR\_010419 (L)(289695)  
Sambandet Vest \_ ekstraordinær generalforsamling protokoll 150219  
Brev til NGIR sine eigarkommunar - Endring av NGIR sin se (L)(283099)  
Nordhordlandsbrua 25år - søknad om tilskot kr. 15.000- frå Radøy kommune  
Nordhordlandsbrua 25 år jubileumsbok -kostandsoverslagfinansiering  
Nordhordlandsbrua innhald boka frå 1994  
Kirkens SOS \_ søknad om tilskot  
Kirkens SOS \_ budsjett 2019  
Kirkens SOS \_ signert regnskap  
Kirkens SOS \_ årsmelding 2018  
Trond Mohn games 2019 \_ søknad om støtte  
Torgdagen Søknad 2019\_  
Tilskotssaker kultur 2019 utanom ordinære tilskotsordningar  
Rossnesvegen - uttale årsmøte Risnes krins grunneigarlag  
Uttale Risnes krins grunneigarlag  
KLP Resultat 2018  
Regelverk for fond